

Kunnskap og argument som underbyggjer

Sakleg PRIDE-skepsis

PROLOG. Denne teksten er ikkje eit angrep på dei som definerer seg som skeive, LHBT+ e.l. Alle menneske har same verdi, og me som står bak teksten, ynskjer å møta eit kvart medmenneske med respekt, openheit og venlegheit – uansett kva dei meiner eller korleis dei lever. Me ynskjer dei alt godt, sjølv om ein kan vera djupt ueinige.

Me meiner at det på alle livsområde er legitimt og viktig å skjelna mellom sak og person, mellom ideologi og individ, slik t.d. dei fleste politikarar er gode til. Det me har skrive i denne teksten, handlar om kjønnsideoologi og *Foreningen FRI*, men også om makt, samfunnsutvikling, skulen si undervisning og barna sin oppvekst – ikkje om skeive personar sitt menneskeverd eller integritet. Dersom nokon kjem med skuldingar om "homofobi", "transfobi" e.l., ser me på det det som uttrykk for usakleg hersketeknikk.

1. KJØNN OG SEKSUALITET I FRI FLYT

Pride handlar ikkje om generelt mangfold i samfunnet, men om seksuelt mangfold. Pride forkynner ein bodskap om kjønn og seksualitet i fri flyt, der ingenting er betre, meir familievenleg eller meir barnevernleg enn noko anna. Hetero, homo, bi, poly, trans, pan, sadomasochisme, dusinvis av kjønnsidentitetar osv. vert heilt og

Døme på einsrettinga kan vera når kommunar innfører «Pride-veke» og heiser Pride-flagget på kommunale flaggstenger, inkludert i barnehagar og skular. Kva med dei lærarane, elevane og foreldre som ikkje kan slutta seg til dette? Vert dei høyrd, og vert det lagt til rette for at barna kan ha alternative opplegg og at dei ikkje vert sosialt utesettengde?

3. FRI: KVEN REPRESENTERER DEI?

Foreningen FRI har rundt 4.000 medlemer på landsplan. Dette utgjer 2-3 prosent av dei som definerer seg som lesbiske, homofile og bifile i Noreg. Det overveldande fleirtal av skeive i Noreg er ikkje med i *Foreningen FRI*. Mange av dei er faktisk svært kritiske til foreininga.

Med andre ord: *Foreningen FRI* representerer på ingen måte alle skeive, sjølv om t.d. dei fleste politikarar, rektorar, journalistar og aktivistar trur det, og handlar som om det var tilfelle. - Til info: Antal prosent ovanfor er basert på ei stor, nasjonal undersøkjing frå Statistisk Sentralbyrå: *Livskvalitet i Norge 2020*. Eit funn i undersøkjinga er bl.a. at 1,3 prosent av befolkninga definerer seg som lesbisk eller homofil.

Foreningen FRI sitt fulle navn. I Pride-universet er ikkje kjønn bestemt av biologi og medisinske fakta, men av kjensler. Kjønnsorgan og XY- eller XX-kromosom hjå menn og kvinner tyder ingenting. Det vert hevdat at barn får "tildelt" eit kjønn ved fødselen, og at me alle prinsipielt sett kan vera "født i feil kropp", dersom me føler det slik.

Med ei slik flytande kjønnsforståing vert våre barn og barnebarn no påtvinka eit nytt, krevjande og potensielt destruktivt livsprosjekt: "Er eg eigentleg gut? Kanskje eg ikkje er jente? Eller kanskje eg er noko heilt anna? På skulen og frå Skeiv Ungdom har me jo lært at det finst mange kjønn ..."

6. "ROSA KOMPETANSE" FOR BARN OG UNGE

Pride-ideologien bidreg aktivt til å pressa vaksne sine problemstillingar vedrørande seksualitet, kjønn og samliv ned i barnehagar og grunnskular. I stadig sterkare grad vert norske barn påverka og forma i Pride-ideologien sitt bilet, ofte utan at foreldra vert informerte eller spurde. For mange barn og unge kan forvirring, usikkerheit og alvorlege utfordringar med sjølvbilete, kjønnsidentitet og seksualitet verta resultatet.

Med sine kurs i «Rosa kompetanse» og «Restart»



fullt sidestilt. Alt vert sett på som like bra, sunt og barnevernleg. Forskjellen på norm og unntak er oppheva. Hetero-norm, tokjønns-norm og par-norm er tradisjonelle verdiar som skal nedkjempast.

Seksual-etikken vert redusert til eit einaste bod: "Samtykkje og likeverd". Polyamorøse forhold og polygami vert derfor ein naturleg del av det "fargerike mangfaldet". Det same gjer surrogati, fleire enn to juridiske foreldre, dobbeldonasjon av sæd og egg, oppheving av sexkjøpslova, m.m.

2. FRONTKOLLISJON

Ved å seia ja til Pride-ideologi og Pride-parader er ein både direkte og indirekte med på å legitimera agendaen til den private interesseorganisasjonen *FRI – Foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold*. Deira radikale kjønnsideoologi og politiske målsetjingar frontkolliderer med svært mange menneske si overtyding om kjønn og seksualitet, ekteskap og samliv, foreldreskap og barn sine rettar.

Diverre er det stadig færre som torer å seia offentleg kva dei meiner, for einsrettinga og fordøminga er sterkt, og omkostningane ved å flagga sin Pride-skepsis kan vera dramatiske. "Mangfaldet" og "toleransen" synest berre å vera for dei som er samde i Pride-agendaen.

4. DOMINANS OG SÆRHANDSAMING

Foreningen FRI krev ikkje berre aksept for sin ultra-radikale kjønnsideoologi; dei jobbar for dominans og hegemoni på dei fleste samfunnsarenaer. Når politikarane aktivt støttar denne vesle medlemsforeininga med massive pengebidrag og oppsiktsekkjande særhandsaming i skule og samfunnsliv, tyder det at dei let radikal kjønnsideoologi leggja premissa for skulen si undervisning og samfunnet si lovgjeving innan kjønn, seksualitet, familie og barn. Dette er djupt urovekkjande – både for våre barn og barnebarn og for samfunnsutviklinga. Dessuten er det uheldig for samvits- og religionsfridomen. *FRI* meiner t.d. at berre trusamfunn som fremjar den radikale kjønnsideologen, bør få offentleg støtte. Sjølv mottok f.eks. *Foreningen FRI* i 2019 ca 23,9 millioner kroner i offentlege prosjektmidlar, drifts- og statsstøtte, inkludert løn til sine ca. 20 tilsette. Medlemene bidrog med kr 422.000.

5. KJØNNSFORVIRRING

Det uvitskaplege, ideologibaserte og forvirrende ordet "kjønnsmangfold" er eit nøkkelomgrep i Pride-agendaen. Ordet er bl.a. ein del av

har no *Foreningen FRI* og deira ungdomsavdeling Skeiv Ungdom, åpne dører inn i skular og barnehagar med sin grenselause bodskap om sex og kropp, "kjønnsmangfold", "født i feil kropp", kjønnseskifte, osv. Og NB: Alt vert finansiert av det offentlege.

Her er eit døme frå "Rosa kompetanse skule", saksa frå eit undervisningsopplegg for 5.-7. trinn i grunnskulen. Det ligg fritt tilgjengeleg på *FRI* sine nettsider og vert brukt av lærarar over heile Noreg:

«Oppmuntre elevene til at når de skal svare på spørsmål, kan de skrive "de fleste jenter ..." / "de fleste gutter ..." for å unngå at elevene fremstiller svarene som at alle gutter for eksempel har penis. Bevisstgjør elevene på at kropp og kjønn kan handle om forskjellige ting. Fortell gjerne elevene at ikke alle er jenter eller gutter, og at setningen 'Gutter, jenter og andre kjønn' gjerne kan brukes.» (Side 19)

Kor mange foreldre ynskjer at ein slik ideologi skal verta dosert for barna deira, utan motførestillinger og utan medisinsk basis? Kva med Opplæringslova sitt krav om "objektiv og kritisk formidling"?

RESSURSAR

- www.transinfo.no – informativ og kritisk norsk nettside.
- www.samlivsrevolusjonen.no – innhaldsrik nettstad.
- www.GenderChallenge.no – viktig norsk/svensk nettstad.
- www.foreldrenettverket.no – nytige ressurs sider.

